

**Utval:** **Ungdommens fylkesutval**

**Møtestad:** Radøy rorbuer

**Dato:** 13.03.2015

**Tidspunkt:** Kl 16:00 – 15:00

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Agnes H. Bernes	Leiar	
Henrik Tvedt	Medlem	
Vegard Kleppe	Medlem	
Oda Mo Eikefet	Medlem	
Miriam Louise Seim	Medlem	
Hedda Emilie Hidle	Medlem	
Erik Pedersen	Medlem	
Anniken Strønen Riise	Medlem	
Sunniva Grov Framnes	Medlem	

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Gard Johanson	Nestleiar	
Katrine Garen Rieber	Medlem	
Kristoffer Spissøy	Medlem	

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Anniken Strønen Riise	Gard Johanson	

---

**Merknader**

---

**Stine Hegdal møtte frå desisjonskomiteen.**

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling

**Sakliste**

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 29/15	Godkjenning av innkalling		
PS 30/15	Godkjenning av saksliste		
PS 31/15	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 32/15	Referatsaker (Meldingar)		
PS 33/15	Evaluering av Ungdommens fylkesting 2015	2014/560	
PS 34/15	Godkjenning av møteplan for 2015	2014/560	
PS 35/15	Ansvarsområde i Ungdommens fylkesutval	2014/560	
PS 36/15	Nytt Ungdommens planprogram 2015 - korleis arbeide og markedsføre planprogrammet?	2014/560	
PS 37/15	Førebuing til Dialogdagen 24. mars	2014/560	
PS 38/15	Uttale til regional plan areal- og transportplan for Haugalandet	2014/560	
RS 17/15	Oversikt økonomi - per 26.02.15	2014/560	
RS 18/15	Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2015 - pr februar	2014/1527	
RS 19/15	Støtte til Hardanger Ungdomsråd angåande informasjon om framtidige moglegheiter i vidaregåande opplæring	2014/560	
PS 39/15	Ymse		

## **PS 29/15 Godkjenning av innkalling**

**Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 13.03.2015**

### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval godkjente innkallinga.

## **PS 30/15 Godkjenning av saksliste**

**Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 13.03.2015**

### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval godkjente sakslista.

## **PS 31/15 Godkjenning av møtebok frå forrige møte**

**Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 13.03.2015**

### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval godkjente møteboka frå 17.02.2015.

## **PS 32/15 Referatsaker (Meldingar)**

**Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 13.03.2015**

### **Vedtak**

Oversikt økonomi – per 27.02.2015: UFU ber opplæring i budsjett og rekneskap sidan det er mange nye i UFU.

## **PS 33/15 Evaluering av Ungdommens fylkesting 2015**

### **Forslag til avgjerd**

Ungdommens fylkesutval vedtek at Ungdommens fylkesting 2015 var ein suksess, men har slike innspeil til neste års arrangement:

**Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 13.03.2015**

### **Vedtak**

*Overnatting:* UFU synast hotellet var bra, men håpar at oppussing er ferdig innan nettverkssamling. Det var og eit problem med at folk bytta rom utan lov, noko som førte til at nokon ikkje visst kor dei skulle søva. På neste UFT bør me gje meir informasjon om at rombytting ikkje er lov, og at visst nokon vil søva på enkeltrom så må dei gje beskjed i god tid før tinget.

*Møtelokalar:* Hovudsalen var ein veldig nøgd med. Det var og bra at ein hadde ein sal til leikar og anna sosialt, for då slapp ein å rydde vekk stolar og bord heile tida. Det var dumt at dei små møteromma var så langt frå kvarandre, det gjorde det ganske stressande for UFU.

*Service:* UFU var veldig nøgd med servicen, og synest alle dei tilsette på hotellet var veldig hyggelige.

*Mat:* UFU synast det var bra at det var buffet, og synast middagen på laurdagen var veldig bra. Pausematen var ein veldig nøgd med, fordi ein hadde både sunne og usunne alternativ.

*Program:* Det var eit bra program, men det var kanskje litt for mange pausar.

*Møteleiare:* UFU er veldig nøgd med møteleiare, og ynskjer gjerne å ha dei på neste UFT og.

*Sosialt opplegg:* Det sosiale opplegget var veldig bra. Det var organisert på ein måte som gjorde at alle vart kjend med mange. Det einaste er at det burde vere ein bord med brettspel på, for dei som ikkje ynskjer å vere med på fysiske leikar.

*Støtte frå administrasjonen:* Støtta frå administrasjonen vart seten stor pris på. Dei gjorde ein utruleg god jobb.

*Oppmøte frå kommunar:* Oppmøtet frå kommunane var ikkje bra. Det var for dårlig kommunikasjon mellom UFU og ungdomsråda. Dette må forbetraast til neste UFT.

*Oppmøte frå UFU:* Oppmøtet frå UFU var ikkje optimalt, men dei som deltok var veldig flinke. Me må vere meir klar på at UFT er nesten obligatorisk for UFU.

*Ungdommens fylkesutval si rolle på tinget:* Det var lett å sjå kven som var i UFU og at det var dei som arrangerte. UFU var flinke til å inkludere delegatane.

*Anna:* Valkomiteen brukte for lang tid, dei sa det var mykje meir uformelt enn det eigentlig var. Det var og eit problem med at nokre delegatar satt for mykje på mobilen og ikkje fekk med seg kva som skjedde. Me må vere meir klar på at ein ikkje sitt på mobilen når det ikkje er pause.

## **PS 34/15 Godkjenning av møteplan for 2015**

### **Forslag til avgjerd**

Ungdommens fylkesutval godkjenner møteplanen slik den ligg føre.

### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 13.03.2015**

### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval vedtek møteplanen, med slike endringar:

- Prøv å endre 26 mars, for det var vanskelig for folk å ta fri to dagar på ei veke. Visst det ikkje går, så går det fint. Men helst ein anna dato.
- Møtet som skal vere i mai må vere anten 5. mai eller 8. mai, pga eksamsperiodar.
- UFU ynskjer å flytte nettverkssamlinga fram til 14.-15. november
- UFU vil flytte møtet i juni til 9. juni.

## **PS 35/15 Ansvarsområde i Ungdommens fylkesutval**

### **Forslag til avgjerd**

Ungdommens fylkesutval vedtek å fordele seg slik på dei ulike områda.

### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 13.03.2015**

### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval vedtek å fordele seg slik på dei ulike områda:

- Vegard, Henrik og Sunniva skal vere på opplæring og helse, Vegard er leiar for området
- Oda og Katrine skal vere på kultur og ressurs, Oda er leiar for området
- Hedda, Erik og Kristoffer skal vere på samferdsel, Hedda er leiar for området

- Miriam og Anniken skal vere på eigen organisasjon, Miriam er leiar for området

## **PS 36/15 Nytt Ungdommens planprogram 2015 - korleis arbeide og markedsføre planprogrammet?**

### **Forslag til avgjerd**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 13.03.2015**

#### **Vedtak**

Når det gjeld marknadsføring av UPP 2015 så ynskjer UFU å sende til alle utvala på fylkeshuset, me vil dele det ut når me besøkjer fylkesutvalet og fylkestinget, me ynskjer å sende det til eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne, me skal og dele det på facebook og sende det elektronisk til alle ungdomsråda.

Arbeidet med UPP skal vere kontinuerlig, alle områda har på helgemøtet laga ein plan over korleis dei skal jobbe og kva fristar dei har.

## **PS 37/15 Førebuing til Dialogdagen 24. mars**

### **Forslag til avgjerd**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 13.03.2015**

#### **Vedtak**

Til dialogdagen skal alle ha oversikt over sakane på sine området og ein skal ha planlagt nokre spørsmål på førehand. Alle skal ha med seg T-skjorte på dagen, dei som ikkje har fått enda kan få på dagen. Alle skal også ha med seg noko å skrive på, sidan kvart område sjølv har ansvar for å skrive referat.

## **PS 38/15 Uttale til regional plan areal- og transportplan for Haugalandet**

### **Forslag til avgjerd**

Ungdommens fylkesutval vedtek å sende inn slik uttale til regional areal- og transportplan for Haugalandet:

### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 13.03.2015**

#### **Vedtak**

Samferdsel i lag med kultur og ressurs skreiv ein uttale for UFU.

**RS 17/15 Oversikt økonomi - per 26.02.15**

**RS 18/15 Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2015 - pr februar**

**RS 19/15 Støtte til Hardanger Ungdomsråd angåande informasjon om framtidige moglegheiter i vidaregående opplæring**

**PS 39/15 Ymse**

**Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 13.03.2015**

**Vedtak**

I klimarådet skal anten Oda eller Katrine sitje, dei skulle tenkje på dette og bestemme seg i løpet av veka.

På Ungdommens Fylkesting i Sogn og Fjordane har UFU valt å sende Vegard og Miriam. Det er fordi UFT i Sogn og Fjordane er eit veldig formelt arrangert, og det er derfor positivt å sende nokon med litt erfaring.

Det er bestemt at eigen organisasjon skal ha hovudansvaret for fadderordninga. Miriam skal jobbe med region vest og Anniken skal jobbe med region sør. Oda skal vere Miriam sin vara, medan Henrik skal vere Anniken sin vara. Det skal lagast ei facebookgruppe med alle leiarane i ungdomsråda rundt i fylket.

I helga har opplæring og helse skriven tre resolusjonar, ein om stipendordninga, ein om omvendt undervisning og ein om fysisk aktivitet.